

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	30.06.2023
Vår referanse	2023/61188-2
Dykkar referanse	20/18094 - 23/35824
Sakshandsamar	Lasse Klæboe Kristensen
E-post	Lasse.Kleboe.Kristensen@vlfk.no
Telefon	96200261

Fråsegn til offentleg ettersyn og høyring - detaljregulering - fv. 565 - Alversundbrua - Alver kommune

Vi viser til brev datert 09.05.2023 om høyring av forslag til detaljregulering for Alversundbrua. Hovudføremålet i planen er å legge til rette for ny bru nord for den eksisterande brua. Den gamle brua skal rivast. Ny bru skal ha sykkelveg med fortau.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 09.04.2021. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Konflikt med kulturminne-ID 281670, 283868 og 283870

Vi viser til motteke brev datert 09.05.2023 med vedlagt forslag til reguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua, gnr.137, bnr. 14 mfl. Alver kommune, Vestland fylke. Vi viser òg til brev frå avdeling for Infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommune datert 05.06.2023, og brev med tilråding datert 23.06.2023 frå Universitetsmuseet i Bergen.

Innanfor planområdet er følgjande arkeologiske lokalitetar registrert:

- *Askeladden ID 281670*
- *Askeladden ID 283868*
- *Askeladden ID. 283870*

Desse er automatisk freda i medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 4 første ledd.

Lovheimel og styresmakt

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd skal styresmaktene, i samband med behandlinga av reguleringsplanen, ta stilling til om dei kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen. Fylkeskommunen er rette styresmakt til å ta avgjerd i slike saker, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 andre ledd.

Skildring av kulturminna

Vestland fylkeskommune gjorde arkeologiske registreringar av planområdet i 2021. Totalt blei det registrert tre nye lokalitetar: *Askeladden ID 281670* som består av fire enkeltminne; to dyrkingsflater frå bronsealder, dyrkingsflate og eldstad frå romartid og aktivitetsområde frå yngre steinalder og eldre bronsealder. *Askeladden ID 283868* eit dyrkingslag frå førromersk jernalder datert 369-165 f.kr. *Askeladden ID. 283870* ein eldstad datert til romartid 22-206 e.kr.

Feil i innsendte plankart og føresegner

Kulturminne ID 281670 er merka som område med føresegn #18 og #19 i plankartet, dette er feil, då området for føresegn visar enkeltminne, ikkje heile det automatisk freda kulturminne. Dette er sikra retta før vedtak av planen i brev frå Infrastruktur og veg datert 05.06.2023.

Heile det automatisk freda kulturminne utan 5 meters sikringssone med *Askeladden ID 281670* må merkast som område for føresegn #18 i plankartet. Dette må også rettast i føresegna.

Område for føresegn #15 som gjeld ein ikkje freda potetkjellar i planområdet, må rettast til omsynssone H570 i plankart og føresegna.

Skildring av konflikt mellom arealbruk i planen og kulturminne

Kulturminna ID 281670, 283868 og 283870 er lagt inn som føresegnsområde #16, #17, #18 og #19 i plankartet. Området vist som #18 og #19 er feil og skal rettast før planvedtak.

Planforslaget er i direkte konflikt med:

1. ID 281670 (føresegnsområde skal rettast) som ligg i arealformål midlertidig bygge- og anleggsområde, delvis innanfor bustadformål, enkel landbruksveg samt nær formål annan vegggrunn og køyreveg.
2. ID 283868 (føresegnsområde #17) som ligg i arealformål midlertidig bygge- og anleggsområde.
3. ID 283870 (føresegnsområde #16) som ligg i arealformål midlertidig bygge- og anleggsområde.

Planforslaget

Det aktuelle arealet er i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen regulert til LNF og veg. Heile arealet ligg innanfor KULA området Den indre farleia vist på plankartet med omsynssone H570.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg legg i samarbeid med Alver kommune fram forslag til detaljregulering for Alversundbrua. Formålet med reguleringsplanen er å erstatte eksisterande bru, som er i dårleg teknisk stand og som berre har eit køyrefelt. Målet for planen er å betre framkomsten til og frå Radøy, og betre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Universitetsmuseet i Bergen sine merknader

Universitetsmuseet i Bergen ved Fornminneseksjonen har gitt følgjande vurdering i brev datert 23.06.2023. sjå vedlegg.

«Til tross for at det har blitt undersøkt flere boplasser i nærområdet, er dette mer enn 30 år tilbake i tid, og dette vil bli den første større undersøkelsen av lokaliteter som ligger i direkte relasjon til Alverstraumen. Universitetsmuseet mener derfor de påviste kulturminnene har stor vitenskapelig verdi. Ved tilrettelegging vil disse lokalitetene også ha en stor formidlingsmessig og pedagogisk verdi, et potensiale som også kan realiseres etter at en eventuell undersøkelse og utbygging har blitt gjennomført.»

*Universitetsmuseet i Bergen, Fornminneseksjonen tilrår at det blir gitt dispensasjon fra lov om kulturminner § 8. fjerde ledd for *Askeladden id. 281670, 283868 og 283870* med vilkår om at det først blir gjennomført arkeologiske undersøkelser.*

Prosjektet vil tidligst realiseres i 2027, med arkeologiske undersøkelser i 2026. Etter avtale med tiltakshaver utstår derfor budsjett og prosjektplan i denne tilrådingen».

Vestland fylkeskommune sine merknader og vurdering av saka

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir tekne hand om på best mogleg måte og nyttiggjorde i eit samfunn i

endring. Vi kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

Planforslaget er i konflikt med kulturminna ID 281670, 283868 og 283870. Lokalitetane må fjernast for å realisere bygginga av bru og veg i Alverstraumen. Ei realisering av tiltaket er også egna til å skade kulturminna, eller framkalle fare for at dette skal skje.

I dagens situasjon har kulturminna opplevingsverdi, men dei ligg noko utrygt då det blir drive aktivt jordbruk innanfor området der lokalitetane ligg.

Etter fylkeskommunen sin vurdering kan reguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua godkjennast under føresetnad av at det først blir gjort ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomførte, jf. vedlagde kart datert 02.05.2023 og brev frå Infrastruktur og veg datert 06.06.2023. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskingar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelege kostnader og avgrensing av undersøkingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at ei arkeologisk utgraving normalt berre lét seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavaren må ta omsyn til dette i planlegginga.

Tiltakshavaren må varsle Vestland fylkeskommune i god tid før han ønskjer å gjennomføre tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter gjere vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket vil kunne klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Heile det automatisk freda kulturminne utan 5 m sikringssone, med kulturminne-ID 281670, skal merkjast i plankartet som føresegnsområde og tildelast nr. 18.

Teksten i fellesføresegnene til reguleringsplanen § 2.4.1 a. første kulepunkt som gjeld lokaliteten må rettast til:

- ID 281670 som er merka som område for føresegn #18 i plankartet.

Teksten i føresegner til føresegnsområde til reguleringsplanen § 5.2 (område #16-#19) må rettast til:

5.2 Automatisk freda kulturminne (område #16-18)

Automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 281670, ID 283870-0 og ID 283868-0, som er merka som område for føresegn #16-#18 i plankartet, er frigitt frå fredinga. Ordlyd og vilkår er gitt i felles føresegner pkt. 2.4.1 a

Utgifter til arkeologisk gransking

Tiltakshavaren skal bere kostnadene for granskinga, dersom det ikkje er grunnlag for heil eller delvis statleg dekning, jf. kulturminnelova § 10.

Vilkår for dispensasjon

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset plankartet blir retta og den nemnde teksten ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Dersom kommunen gir melding om at plankartet ikkje blir retta og den nemnde teksten ikkje vil bli innarbeidd i reguleringsføresegnene, og fylkeskommunen ikkje reiser motsegn mot planen, må fylkeskommunen straks varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt reise motsegn mot planen.

Marinarkeologiske registreringar

Den 10.-12.05. 2021 gjennomførte Bergens Sjøfartsmuseum marinarkeologiske undersøkingar innanfor planområdet. Konklusjonen frå desse er at det ikkje vart gjort funn som vert omfatta av kulturminnelova § 14. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Planen er oversendt Sjøfartsmuseet for uttale, eventuelle merknadar frå museet blir ettersendt.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at disse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Lasse Klæboe Kristensen
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar

Sigrun Wøistad avdeling for kultur og folkehelse

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER